

Saksbehandlar: Kristin Arnestad og Birte Tuxen Bø, Næringsavdelinga, Stig Vattakar, Plan og samfunnsavdelinga

Sak nr.: 14/2149-9

## **Budsjett plan og næring - utgreiing av innsparingskrav på lang sikt (2017-2019)**

**Fylkesdirektøren for næring og fylkesdirektøren for plan og samfunn rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:**

1. Følgjande område skal utgreiast nærare for å oppnå innsparingskravet for åra 2017-2019:

### Programområde 700 – Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet

Desse områda er mest aktuelle for utgreiingar opp mot innsparingskravet (økonomiske verkemiddel).

- Kommunale næringsfond
- Omstilling
- Næringshagar
- VRI/eventuell ny FoU satsing
- Innovasjon Norge
- Breiband
- Reiseliv
- Sjømat
- Energi, industri og landbruk (vurdere heile område)

Utgreiingane vidare må omhandle også andre verkemiddel som arbeidskapasitet. Arbeidet med satsingsområda vil alltid bestå av ein kombinasjon av fleire verkemiddel. Når rolla som arenabyggar blir meir og meir sentral, kan det for ein skilde område bety meir vekt på arbeidskapasitet og fellestiltak enn økonomiske verkemiddel/tilskot.

Vi må i det vidare arbeid også sjå på alternative finansieringskjelder, og oppgåvedeling mellom fylkeskommunen og andre aktørar.

### Programområde 480 – Diverse fellesutgifter (folkehelse)

#### *Teneste 4802 – Folkehelse:*

- Ordninga med partnerskapsavtalar med kommunane, om tilskot til stilling som folkehelsekoordinator
- Samhandlinga med organisasjonar, effektar av utviklingsavtalar og økonomiske tilskot

### Programområde 715 – Lokal og regional utvikling

#### *Teneste 7151– Regionalt plan og utviklingsarbeid:*

- Organisering og finansiering av regionale planar som oppfølging av regional planstrategi

#### *Teneste 7152 – Lokalt plan og utviklingsarbeid:*

- Tilskotsordninga for tettstadmidlar/stadforming

#### *Teneste 7153 – Fellesfunksjonar og støttefunksjonar:*

- Ungdomstiltak – roller, oppgaver, organisering og finansiering
- Integrering – roller, oppgaver, organisering og finansiering

Programområde 716 – Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk

*Teneste 7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning:*

- Fylkeskommunen si rolle for oppfølging av verdsarvområda og økonomiske konsekvensar
- Fylkeskommunen si rolle i etablering av natur- og kulturparkar og økonomiske konsekvensar

2. Hovudutval for plan og næring endrar sitt vedtak i sak 61/14 *Budsjett 2015/Økonomiplan 2016 tilpassing til rammene plan og næring*, ved å omprioritere innan tenesteområde 7005 Nyskaping og redusere framlegget til kommunale næringsfond med 0,7 mill. kr. og auke budsjettframlegget til omstillingsarbeid med 0,7 mill. kr.

3. Hovudutvalet rår til at målekartet for næring og plan og samfunn, slik det er lagt fram i vedlegg 1, vert vedteke som del av budsjettet for 2015.

Vedlegg:

1. Framlegg til justert målekart

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Budsjett 2015 / Økonomiplan 2016 – tilpassing til rammene – plan og næring [HPN 61/14](#)

Budsjettsak mai, [HPN 45/14](#), Prioritering – Budsjett 2015 / Økonomiplan 2015-2018 plan og næring

Arbeidsdokument for budsjettprosessen

---

## SAKSFRAMSTILLING

### **1. Samandrag**

Hovudutvalet har tidlegare i år lagt eit detaljbudsjett for åra 2015 og 2016. I denne saka skal hovudutvalet drøfte dei meir langsiktige prioriteringane av fylkeskommunen si rolle og oppgåver, og peike på kva område som skal greiast ut mot innsparingskravet på lang sikt (2017-2019).

I saka oppdaterer vi målekartet som skal inn i budsjettdokumentet.

Hovudutvalet vert og bedt om å vurdere konkrete løysingar på utfordringar vi har fått etter at Statsbudsjettet vart lagt fram, innan omstillingsarbeidet.

### **2. Bakgrunn og saksgang**

#### **2.1 Budsjettprosessen**

I sak i mai vart det skissert eit framlegg til kjernenivå, det vil seie ein minimum innsats som fylkeskommunen må yte for å i det heile tatt kunne gje eit tilbod, og ei prioritert rekkefølge på område utover kjernenivået.

I september handsama hovudutvalet detaljbudsjett og dekte inn innsparingskravet for 2015 og 2016.

Denne saka dreier seg om å peike på dei områda som skal utgreiast nærare opp mot innsparingskravet for 2017-2019.

Hovudutval for plan og næring får budsjettet til handsaming slik:

#### Budsjett 2015 og økonomiplan 2016:

- 27. mai – rekkefølgeprioritering på sektoren – [HPN sak 45/14](#)
- 23. september – detaljbudsjett på sektoren for 2015 og 2016 – [HPN sak 61/14](#)
- 25. november – handsame finansutvalet sitt endelege framlegg til budsjett for 2015 og 2016

#### Økonomiplan 2017-2019

- 27. oktober - utgreiingsområde for økonomiplanarbeidet 2017-2019 (denne saka)
- Første halvår 2015 – arbeid med innsparingskrav fram mot endeleg vedtak i fylkestinget i juni 2015

#### **2.2 Premissar frå hovudutvalet si tidlegare handsaming av budsjettet**

##### 2.2.1 Lovpålagde oppgåver, gjeldande planverk, regelverk, bindingar og plikter

Ein sentral del av saka i mai var å kartlegge rammene vi kan prioritere innanfor. Vi gjekk gjennom lovpålagde oppgåver, gjeldande planverk og såg på dei retningslinene som gjeld for midlane vi forvaltar. Vi går ikkje gjennom dette i detalj, men summert opp kan vi seie dette:

- Lovpålagde oppgåver: Fylkeskommunen har ansvar for mange oppgåver både generelt innan regionalt utviklingsarbeid, og for spesifikke fagområde. Det ligg store forventningar til fylkeskommunen sitt arbeid innan næring, plan og samfunnsutvikling, men fylkeskommunen har stor fridom til å prioritere eigen innsats.

Den næringsretta delen har berre lovkrav knytt til konsesjon- og lokalitetstildelingar innan akvakultur som påverkar disponering av arbeidsressursar og ikkje utviklingsmidlar. Plan og samfunnsavdelinga har sterkare lovkrav knytt til tenestene, og har omtala regelverket i sak i mai og drøfta innanfor dei aktuelle tenesteområda.

- Gjeldande planverk: Fylkeskommunen har ei rekkje regionale planar som legg føringar for sektoren plan og næring. Planane er grunnlag for administrativ arbeidsinnsats og politisk arbeid, men også for innretting av dei økonomiske verkemidlane. Prioriterte

satsingar i plandokumenta må prioriterast i budsjettsamanheng. Reduserte rammer i fylkeskommunen bør føre til tydelegare prioriteringar (reduerte ambisjonar om naudsynt) i planverket.

- Regelverk for bruk av midlane: Regelverket for Kap. 551 legg føringar for korleis vi nyttar midlane, og for arbeidsinnsats knytt til oppfølging og rapportering. Midlane frå Kap. 551 utgjer i dag størstedelen av plan og næring sitt budsjett, og særleg den næringsretta delen har nytta ein stor del midlar frå Kap. 551.

### 2.2.2 Premissar for framlegg til prioriteringar

Utviklingsarbeidet er dynamisk. Målsetjingane må vere langsiktige, men konkret innsats kan endre seg. Noko som også kompliserer drøftingane innan denne sektoren er at verkemidla ikkje berre er økonomiske. Det er også trong for tilstrekkeleg arbeidskapasitet for å følgje opp lovpålagde oppgåver i rolla som tilretteleggar og som rådgjevarar og bestillar av tenester.

Oppsummert var dette utgangspunktet for prioritering av kjernenivå, og rekkefølge utover det:

- Plikter (lov og plikter ovanfor andre partar)
  - o Lovpålagde oppgåver
  - o Kontrakt med andre partar i form av tilsegnsbrev og avtalar
- Føringar frå regjeringa på verkemiddelbruken
- Regionale planar
- Samfunnseffektar
- Langsiktige verknader vs. prosjektarbeid.

## 2.3 Kjernenivå, prioritering av innsatsen – og budsjettforslag 2015 og 2016

### 2.3.1 Programområde 700 – tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet

Hovudutvalet vedtok dette kjernenivået i mai:

	B-2014	KJERNENIVÅ				
		2015	2016	2017	2018	2019
Nyskaping	24 537	19 700	16 700	13 900	13 900	13 900
Kunnskap	5 825	5 225	5 225	5 225	5 225	5 225
Innovasjon Norge	32 700	25 000	28 000	28 000	28 000	28 000
Kommunikasjonsteknologi	2 111	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200
Reiseliv	9 900	5 500	4 500	4 500	4 500	4 500
Sjømatnæringar	4 120	3 870	1 200	1 200	1 200	1 200
Energi	400	400	400	400	400	400
Industri	300	300	300	300	300	300
Landbruk	200	200	200	200	200	200
Andre område	5 127	2 400	2 400	2 400	2 400	2 400
<b>Sum</b>	<b>85 220</b>	<b>63 795</b>	<b>60 125</b>	<b>57 325</b>	<b>57 325</b>	<b>57 325</b>

Kjernenivået er ikkje eit ynskja nivå, og er ikkje eit budsjett, det representerer prioriteringane mellom aktivitetar og eit absolutt minimumsnivå for aktiviteten. Det vil bety ein stor reduksjon i aktivitetsnivået.

Tiltak utover kjernenivået blei prioritert i slik rekkefølge (1 er høgast prioritert):

Prioriteringsgruppe 1:

1. Kommunal næringsfond
2. Innovasjon Norge
3. Kunnskap
4. Anna oppfølging av verdiskapingsplanen, bransjesatsingar, nyskaping, breiband

Prioriteringsgruppe 2:

5. Kommunale næringsfond
6. Innovasjon Norge
7. Kunnskap
8. Anna oppfølging av verdiskapingsplanen, bransjesatsingar, nyskaping breiband

Prioriteringsgruppe 3

9. Innovasjon Norge

Når hovudutvalet la detaljbudsjettet i september var denne vurderinga basert på kjernenivå og prioriteringar i mai. Innovasjon Norge og kommunale næringsfond var områda som vart redusert mest.

### 2.3.2 Programområde 480 – Diverse fellesutgifter (folkehelse)

Oppsummering kjernenivå på programområde 480 Diverse fellesutgifter – Folkehelse:

	B-2014	FRAMLEGG TIL KJERNENIVÅ				
		2015	2016	2017	2018	2019
Drift av partnerskapen	3 250	3 100	3 100	3 100	3 100	3 100
Helseovervaking, program og satsingar	1 500	750	750	750	750	750
<b>Sum</b>	<b>3 850</b>	<b>3 850</b>	<b>3 850</b>	<b>3 850</b>	<b>3 850</b>	<b>3 850</b>

Prioriteringar utover kjernenivået (jf. hpn-sak 45/14):

- Partnerskap med kommunar
- Utviklingsavtalar med frivillige
- Helseovervaking
- Nye innsatsområde i regional folkehelseplan
- Folkehelse i planlegging

### 2.3.3 Programområde 715 – Lokal og regional utvikling

Oppsummering kjernenivå på programområde 715 Lokal og regional utvikling:

	B-2014	FRAMLEGG TIL KJERNENIVÅ				
		2015	2016	2017	2018	2019
Regionalt plan og utviklingsarbeid	2 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Tettstadutvikling	3 543	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Regionvise utviklingsprogram	2 200	2 200	2 200	2 200	2 200	2 200
Fellesfunksjonar og støttefunksjonar	350	300	300	300	300	300
Iderike bygder	30	30	30	30	30	30
Internasjonalt arbeid	660	660	660	660	660	660
<b>Sum</b>	<b>8 783</b>	<b>6 190</b>	<b>6 190</b>	<b>6 190</b>	<b>6 190</b>	<b>6 190</b>

Prioriteringar utover kjernenivået (jf. hpn-sak 45/14)

- Regionalt plan og utviklingsarbeid
- Lokalt plan og utviklingsarbeid
- Utviklingsavtalar med frivillige
- Tettstadutvikling
- Internasjonalt arbeid
- Fellesfunksjonar og støttefunksjonar

### 2.3.4 Programområde 716 – Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk

Oppsummering kjernenivå på programområde 716 Friluftsliv, vassregionsytresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk:

	B-2014	FRAMLEGG TIL KJERNENIVÅ				
		2015	2016	2017	2018	2019
Utviklingsarbeid klima	2 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Vilt- og fiskeforvaltning	200	200	200	200	200	200
Vassforvaltning	300	300	300	300	300	300
Friluftsliv	600	500	500	500	500	500
<b>Sum</b>	<b>3 500</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>

Prioriteringar utover kjernenivået (jf. hpn-sak 45/14)

- Verdsarv, natur og kulturparker
- Utviklingsavtaler med frivillige
- Friluftsliv
- Vassforvaltning
- Klima/miljø

Arbeid knytt til friluftsliv, vassforvaltning og klima/miljø er heilt sentrale lovpålagte oppgåver som må ha eit forsvarleg nivå om vi skal kunne sei at vi føl intensjonane og forpliktingane i lovverket.

## 3. Målekart

### 3.1 Målekart næring

Forenkling av målekartet frå 2014, framgår i budsjettboka for 2014. Vi ser at dette står seg og legg til grunn verdiskapingsplanen som blei vedteken i juni 2014. I målekartet har vi innarbeidd det overordna målet for verdiskapingsplanen som går på å skape arbeidsplassar. Vi har som mål å skape 500 nye arbeidsplassar kvart år, med ein arbeidsplassvekst på netto 100 i året. Handlingsplanen tek form no og her vil det kome måleindikator for kvar satsing som vi vil innarbeide i målekartet ved neste revisjon.

### 3.2 Målekart plan og samfunn

Plan og samfunnsavdelinga har tre hovudstrategiar for å nå det overordna målet om berekraftig samfunnsutvikling i fylket:

- Styrke regional planlegging ved mellom anna betre samheng mellom regionale og kommunale planstrategiar
- Styrke kommunane sitt arbeid med strategisk og berekraftig samfunnsplanlegging
- Støtte opp under utviklinga av regionale samfunnsbyggande organisasjonar (RSO)

Det oppdaterte målekartet (vedlegg 1) gjev nærare informasjon om kva aktivitetar som skal gjennomførast for å nå måla.

## 4. Budsjett 2015 og 2016 – utfordringar etter Statsbudsjettet

I framlegget til Statsbudsjett for 2015 ligg det inne 73,7 mill. kr. til fylkeskommunen i regionale utviklingsmidlar frå Kap. 551, post 60. I 2014 fekk vi 74,4 mill. kr. Dette utgjer ein nedgang på 0,7 mill. kr. Nedgangen skuldast ein nedgang i skjønnskot til omstilling på 1 mill. kr. og ein auke i frie midlar på 0,270 mill. kr. I 2014 vart ikkje heile skjønnskotet nytta til omstilling, men gjekk inn i salderinga på sektoren.

Statsbudsjettet Kap. 551, post 60	2014	2015	Endring
Objektiv ramme (frie midlar)	64,430	64,700	0,270

Skjønnskot omstilling	10,000	9,000	-1,000
<b>Sum</b>	<b>74,430</b>	<b>73,700</b>	<b>-0,730</b>

Utviklingsmidlane vert budsjettert som fellesinntekter til fylkeskommunen og det er såleis ikkje automatikk i at sektoren plan og næring skal dekke denne nedgangen, men i praksis forvaltar plan og næring alle utviklingsmidlane gjennom post 60. Det er lagt opp til at sektoren skal få auka rammene tilsvarande prisvekst på om lag 0,3 mill. kr. I denne saka føreset vi at sektoren får dekke heile reduksjonen over post 60 slik at rammene er som ved handsaming av framlegg til budsjett i september.

Det er likevel kome ei utfordring knytt til Statsbudsjettet. Vi fekk tidlegare i år melding om at fylkeskommunen vil få ei rammeauke på 5 mill. kr. i Statsbudsjettet for 2015 til omstilling i Lærdal. I brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 23. mai 2014 står dette:

*Lærdal kommune har også søkt om ekstraordinære omstillingsmidlar på til saman 30 mill. kroner i perioden 2015-2017. Fylkeskommunen fordeler dei ordinære omstillingsmidla, og Lærdal har motteke midlar i perioden 2012-2014. Grunna brannen finn departementet det rimeleg at omstillingsperioden forlengast med eit år. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil difor få auka sin ramme med 5 mill. kroner i statsbudsjettet for 2015. Desse midla vil bli løyvd til fylkeskommunen, men øyremarka til Lærdal.*

No viser det seg at desse 5 mill. kr. er lagt inn i det samla skjønnskotet for omstilling slik at det reelt er ein kraftig reduksjon i omstillingsmidlar.

Neste gong hovudutvalet får budsjett 2015 og 2016 til handsaming er det som finansutvalet sitt endelege framlegg med utarbeida budsjettekst. Vi ynskjer difor no tilbakemelding frå hovudutvalet på korleis utvalet vil løyse denne utfordringa. Slik vi ser det kan det vere to løysingar. Den eine er å omprioritere innan omstilling. Andre alternativet er å redusere andre område for å auke opp omstilling. Uansett blir det enten andre omstillingskommunar eller andre satsingsområde som må betale auken til Lærdal.

I september blei det ikkje sagt noko om fordelinga mellom kommunane men utgangspunktet er løyvinga i 2014. Endeleg fordeling skjer på nyåret.

<b>Omstilling</b>	<b>2014</b>
Lærdal	3,440
Hyllestad	3,000
Askvoll	1,950
<b>Sum</b>	<b>8,390</b>

I budsjettframlegget er det sett av 8,3 mill. kr.

Dersom løyvinga til Lærdal på 5 mill. kr. skal kome i tillegg til dagens løyving på 3,44 mill. kr. er vi oppe i ein sum på 8,440 mill. kr. Dette overstig midlane sett av til omstilling samla sett. Vi meiner det er heilt urimeleg å måtte avslutte omstillingsarbeidet i Hyllestad og Askvoll på tampen av arbeidet. Då får vi ikkje tatt ut resultatet av alt arbeidet og midlane som er lagt i dette arbeidet. Å omdisponere 5 mill. kr. frå andre område for å halde oppe løyvingane til Hyllestad og Askvoll meiner vi også er urealistisk.

Vi rår til å følgje skjønnskotet og føreslår å omprioritere 0,7 mill. kr. frå kommunale næringsfond til omstilling i framlegg til budsjett for 2015.

Endeleg fordeling av omstillingsmidlar må vi ta stilling til neste år, men vi føreslår eit utgangspunkt der Lærdal får 5 mill. kr. samla sett. Dette meiner vi også er rimeleg sidan departementet har varsla ein auke i omstillingsmidlar grunna øyremarka midlar til Lærdal som ikkje kom – tvert i mot har det blitt ein reduksjon samla sett. Då står vi att med 4 mill. kr. til dei andre omstillingsområda. Dersom hovudutvalet vil auke opp dette kan de vurdere å bruke restmidlar når omstillingsmidlane vert tildelt.

I statsbudsjettet låg det også inne ein auke til dei regionale filmfonda, med ein føresetnad om at regionane bidreg med minst like mykje lokale/regionale fondsmidlar. Fylkesdirektøren tilrår ikkje endringar av tidlegare vedtak der filmsatsinga er tatt ut av plan og næring sitt budsjett.

## **5. Felles innleiing frå fylkesrådmannen**

### **5.1 Omstillingsarbeidet 2014-19: Kjørereglar og grunnprinsipp i prioriteringsarbeidet**

I lys av Stortinget sine endringar i inntektssystemet fremja fylkesrådmannen overfor finansutvalet 18.06.2014 følgjande kjørereglar for omstillingsarbeidet vi no går inn i:

1. Vi må setje innbyggjarane sitt beste i fokus
2. Vi må vise respekt for alle tilsette
3. Vi må følgje gjeldande lover og forskrifter
4. Oppgåver kan vere lovpålagte, ikkje løysingsmåten
5. Alle reduksjonsforslag må vere tilstrekkeleg utgreidde
6. Vi må planlegge og budsjettere realistisk
7. Vi må vurdere oppgåver og tenester, vekk med ostepøvelen
8. Vi må framleis ha nokre vekstelement i budsjetta
9. Vi må sikre rett og nok kompetanse – i føreståande arbeid
10. Vi må framleis arbeide for å betre rammevilkåra våre

Desse kjørereglane, som fekk rimeleg god oppslutning i finansutvalet, er meint å skulle vere retningsgjevande føringar for omstillingsarbeidet vidare. Med omsyn til sjølve prioriteringane som må gjerast framover, vil fylkesrådmannen særleg framheve pkt. 7.

Finansutvalet har bede hovudutvala, som politiske sektorspesialistar, om å tilrå aktuelle utgreiingsområde med tanke på å kunne tilpasse seg gjevne økonomiske rammer. Utgreiingane skal gjerast slik at ein administrativt og politisk får eit best muleg kunnskapsgrunnlag å vurdere dei samla innsparingane utifrå. Her er det viktig å understreke at område som ikkje særskilt vert utgreidde i denne omgang likevel kan bli vurderte i samband med redusert fylkeskommunal innsats i framtida.

I arbeidet med å definere utgreiingsoppgåver og seinare prioritere konkrete reduksjonstiltak i og på tvers av sektorane vil det vere viktig å ha ei felles oppfatning av kva rolle fylkeskommunen skal ivareta og kva kvalitetar som bør prege tenestene våre. Det vert difor også starta opp eit arbeid for å utarbeide eit felles sett med overordna grunnprinsipp for prioriteringane fylkeskommunen må gjere framover.

Døme på aktuelle grunnprinsipp som det no vert arbeidd vidare med, kan vere følgjande:

1. **Kvalitet i alle vidareførte oppgåver:** Det bør vere høg kvalitet på dei tenestene fylkeskommunen prioriterer å vidareføre. Kvalitet bør vurderast opp mot kvantitet i alle ledd av prioriteringsarbeidet.
2. **Tydeleg oppgave- og ansvarsdeling:** Vi bør ha ei aktiv haldning til fylkeskommunen si rolle innanfor fagområde der også kommunane har eit definert ansvar. Vi bør vurdere eigen ressursbruk opp mot faktisk fylkeskommunalt oppgaveansvar.
3. **Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:** Regional planstrategi tilseier at fylkeskommunen skal prioritere styrkinga av bu- og arbeidsmarknadsregionar med avgrensa interne reiseavstandar og felles arbeidsmarknader. Dette bør liggje til grunn for prioriteringane vi gjer i omstillingsarbeidet.
4. **Tydeleg rolle i den regionale partnerskapen:** Vi bør prioritere auka fokus på arenabygging og tilrettelegging, og mindre på direkte finansieringsbidrag. Leirolla i den regionale partnerskapen bør i større grad styrke samordninga og ein felles verkemiddelbruk i og for fylket.



5. **Langsiktige avgjerder:** Trendar og faktisk samfunnsutvikling bør i noko større grad vektleggjast. Vedtaka våre skal stå seg over tid, og dimensjonering og innretning av tenestene må tilpassast framtidige, langsiktige behov.
6. **Alternative finansieringskjelder:** Vi bør sjå etter område der vi gjennom samarbeid og partnerskap lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt kan generere eit breiare finansieringsgrunnlag.

Det vil vere trong for ein grundig prosess både administrativt og politisk for å meisle ut overordna grunnprinsipp for prioriteringane fylkeskommunen må gjere framover. Vi vil kome attende til dette.

Administrasjonen ønskjer elles å peike på at prioritert kapasitet og kompetanse innanfor forvaltninga bør sjåast i lys av dei oppgåver og tenestetilbod som vert prioriterte på sektornivå. Administrasjonen startar no likevel eit arbeid for å vurdere potensialet for synergjar og effektivisering i forvaltninga. For å oppnå effektivitet og kvalitet må alle funksjonar vere organiserte slik at vi unngår unødig ressursbruk.

## **5.2 Målekartet for 2015: Vidareføring med mindre justeringar**

Tydelege tilbakemeldingar på jobben vi gjer og resultatata vi oppnår er ein føresetnad for at vi skal kunne tilpasse oss samfunnsendingar og prestere i forhold til måla våre. Krava frå politiske styresmakter, samarbeidspartar og brukarar er store. Samstundes er ressursane avgrensa. Målekartet er eit verktøy for konkretisering av politisk fastsette mål og resultatmåling. Målekartet var igjennom ei betydeleg forenkling i 2013, og skal no rullerast i samband med budsjettfastlegginga for 2015.

Ein gjennomgang viser at dei fleste sektorane i hovudsak ønskjer å vidareføre målekartet slik dette ligg i 2014. Dette skuldast fleire forhold: For det første vert det gjennomført ei medarbeidarundersøking annakvart år basert på fokusområdet «Medarbeidar og organisasjon» i målekartet. Undersøkinga vert gjennomført mot slutten av 2014. For det andre førebur fylkesrådmannen også ei større undersøking retta mot samarbeidspartar og brukarar. Undersøkinga tek utgangspunkt i gjeldande målekart innan fokusområda «Tenesteytar» og «Regional utviklingsaktør». Sektorane ønskjer ikkje å gjere større endringar innanfor fokusområda før ein kjenner måloppnåinga i høve gjeldande måleindikatorar.

Fylkestinget skal i desember 2014 handsame verdigrunnlaget for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Nemnde målekart bør byggast opp på bakgrunn av organisasjonen sitt oppdaterte verdigrunnlag. Dette tilseier at vi ikkje gjer større endringar i målekarta før i 2015.

## **6. Økonomiske rammer**

Denne saka dreiar seg ikkje om konkrete innsparingar i form av tal. No vert det peika på område som skal utgreiast nærare som grunnlag for dei innsparingane som skal gjerast seinare. Samstundes er det greitt å sjå planleggingsrammene og innsparingskravet som ligg på sektoren frå 2017 til 2019, då områda som skal utgreiast i sum må ha potensiale for å dekke inn innsparingskravet.

I tabellen under er konsekvensane vist dersom vi vidarefører reduksjonane på totalt 6,2 mill. kr. i 2015 og 8,2 mill. kr. gjort i sak i september også for åra 2017 til 2019. Innsparingskravet ut over dette er lagt inn som eiga linje. Vi må ta atterhald om tala då vi ikkje har endelege rammer. For oversikta sin del har vi tatt med 2015 og 2016.

<b>Økonomiplanen</b>						
<b>Programområde</b>	<b>B-2014</b>	<b>B-2015</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>
<b>700 Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet</b>	<b>84,22</b>	<b>71,989</b>	<b>70,467</b>	<b>81,333</b>	<b>75,196</b>	<b>75,196</b>
<b>715 Lokal og regional utvikling</b>	<b>9,726</b>	<b>7,316</b>	<b>6,818</b>	<b>6,989</b>	<b>6,989</b>	<b>6,989</b>
<b>716 Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk</b>	<b>3,100</b>	<b>3,000</b>	<b>3,000</b>	<b>3,000</b>	<b>3,000</b>	<b>3,000</b>
<b>480 Diverse fellesutgifter (folkehelse)</b>	<b>4,750</b>	<b>4,750</b>	<b>4,525</b>	<b>4,525</b>	<b>4,525</b>	<b>4,525</b>
<i>Ufordelt innsparingskrav (planleggingsramme)</i>				<i>-6,000</i>	<i>-6,000</i>	<i>-6,000</i>
<b>Sum</b>	<b>101,796</b>	<b>87,055</b>	<b>84,810</b>	<b>89,847</b>	<b>83,710</b>	<b>83,710</b>

Vi føreset også gitt dagens oppgåvenivå ei fordeling av innsparingskravet mellom næringsutvikling og plan og samfunnsutvikling om lag som ved tidlegare vurderingar.

Fylkesdirektørane har i denne saka lagt vekt på å sette opp utgreiingsområde som har potensiale for å dekke meir enn innsparingskravet. Dette meiner vi må gjerast om det skal bli reelle diskusjonar om prioriteringar, samstundes kan også utgreiingane danne grunnlag for omprioriteringar innan sektoren.

## **7. Utgreiingsområde for innsparingar i åra 2017-2019 - næringsutvikling**

### **7.1 Programområde 700 – Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet**

#### 7.1.1 Innleiing programområde 700 - Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet

**Saka i mai legg premissane** for det vidare arbeidet hovudutvalet skal gjere med budsjettet. Saka omhandla ikkje konkrete innsparingskrav eller tal, men la strategiane for korleis dei ulike områda skal vurderast når hovudutvalet tilpassar seg reduserte rammer. Følgjer ein saka i mai, skal reduksjonane kome på dei områda som vart lågast prioritert. Samstundes må hovudutvalet ta omsyn til bindingar og eventuelle innsparingar som kan takast på kort sikt.

Verdiskapingsplanen legg premissane for arbeidet framover, både for dei økonomiske disponeringane, men og for korleis vi innrettar dei administrative ressursane. Endringar i verdiskapingsplanen må også føre til endringar i budsjett.

Også framover vil rammene for framtidig kompensasjonsordning for differensiert arbeidsgjevaravgift kunne påverke den samla satsinga innan næringsutvikling.

I sak i mai la vi til grunn nokre føresetnader for dei vurderingane vi gjorde for programområde 700. Desse føresetnadane gjeld også for denne saka og det vidare arbeidet:

- Vi prioriterer innsats der fylkeskommunen kan vere arenabyggar. Dei næringsnøytrale satsingane nyskaping og kunnskap er sentrale her.
- Verdiskapingsplanen er dynamisk. Pengebruk og arbeidsinnsats kan bli endra utover i perioden. Nokre tiltak kan bli kvittert ut, og andre område kan kome til. Dette gjer det vanskeleg å legge eit fast detaljert kjernenivå og budsjett for mange år. Måla er langsiktige, aktiviteten for å nå måla kan variere.

- Det er viktig med ein god balanse mellom tilretteleggande satsingar og bedriftsretta satsingar. Utan bedriftsretta satsing på eit visst nivå, klarar vi ikkje ta ut effekten av den tilretteleggande satsinga. Vi må også ta omsyn til føringar frå KMD om å prioritere bedriftsretta innsats.
- Både arbeidsinnsats og ressursar må vere på plass. Vi må ha tid og kompetanse til å følgje opp satsingane, og vere gode bestillarar der andre skal gjere jobben for oss.
- Andre partnarar må også bidra økonomisk inn i oppfølging av verdiskapingsplanen. Utan bidrag frå andre må grunnlaget for satsingsområda vurderast. På nokre område må vi vere budde på å kjøpe tenester frå andre.
- Kap. 551, post 61 er avgjerande for den samla satsinga innan næringsutvikling.

### 7.1.2 Utgreiingsområde programområde 700 - Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet

Når vi legg fram utgreiingsområde her tek vi utgangspunkt i prioriteringar gjort i tidlegare saker. Slik vi har tenkt er områda definert utanom kjernenivået aktuelle for utgreiing mot innsparingskravet. Samstundes må ein på eit tidspunkt vurdere om kjernenivået er rett, særleg med omsyn til om det bør utgreiast om heile område skal takast ut av satsinga på næringsutvikling. Dette føreset at områda vert teke ut som prioriterte satsingar i verdiskapingsplanen.

#### Nyskaping

Innan nyskaping er det først om fremst kommunale næringsfond og omstillingsarbeid som peikar seg ut som utgreiingsområde.

Budsjettframlegget til næringsfond er 11,330 (reduisert frå 12,030 jf. kap. 4 i denne saka). Kjernenivået er 8 mill. kr.

Når det gjeld omstilling føreslår vi i kapittel 4 i denne saka og auke framlegg til budsjett frå 8,3 mill. kr. til 9 mill. kr. i 2015. Kjernenivået er sett til 8,3 mill. kr. i 2015, 5,3 mill. kr. i 2016, og 2,5 mill. kr. i 2017 og 2018 i tråd med at kommunane ikkje lenger har omstillingsstatus. Planleggingsramma frå 2015 på 5,3 mill. kr. er førebels vidareført for 2017 til 2019. Slik at her er det rom for å vurdere reduksjonar. Vi har tidlegare sagt at med usikre rammer vil det vere vanskeleg å ta på seg nye forpliktingar ovanfor eventuelt nye omstillingsområde

Både kommunale næringsfond og omstilling vert sett som utgreiingsområde. Når det gjeld næringsfond må vurderingane også omfatte innretning av ordninga og ei vurdering opp mot løyvinga til Innovasjon Norge.

#### Kunnskap

Vi har forpliktingar ovanfor næringshageprogrammet ut 2015. Budsjettframlegget er 1 mill. kr. noko som samsvarer med kjernenivået. Frå 2016 kan denne satsinga vurderast og kjernenivået revurderast. Dagens VRI-programmet vert avslutta etter 2016. Her er budsjettframlegget og kjernenivået på 0,850 mill. kr. noko som kan revurderast frå 2017.

Det er nettopp lagt opp til å framleis sette av ein grunnstønad til Vestlandsforskning, det vert difor ikkje lagt opp til å sjå meir på dette.

Kunnskap er ei sentral satsing i verdiskapingsplanen. Midlane som er budsjettert i dag på 3,175 mill. kr. er ikkje mykje over vedtatt kjernenivå på 3,000 mill. kr. og vi rår til å ikkje utgeie dette.

#### Bedriftsretta satsing – Innovasjon Norge

Budsjettframlegget til Innovasjon Norge er 26,337 mill. kr. i 2015 og 31,485 mill. kr. i 2016. Nivået for 2016 er vidareført i planleggingsrammene. Kjernenivået er sett til 25 mill. kr. i 2015 og 28 mill. kr. i åra 2016 til 2019. Vi legg difor opp til å utgreie dette område vidare. Ikkje minst med omsyn til kva som er rett balanse mellom bedriftsretta innsats og tilretteleggande innsats, og balansen mellom kor mykje midlar som blir sett av til kommunale næringsfond og kor mykje som vert sett av til Innovasjon Norge. Retninga på innsatsen til Innovasjon Norge vert også påverka av kva område som vert prioritert i fylkeskommunen sin tilretteleggande innsats.

### Kommunikasjonsteknologi

I 2017 og 2018 ligg det i dagens rammer inne ein auke til breibandsatsing. I 2017 er planleggingsramma 11,137 mill. kr. og i 2018 er planleggingsramma 5 mill. kr. Budsjett framlegget i 2015 og 2016 er 1 mill. kr. og kjernenivået er 0,5 mill. kr. Her er det mogleg å vurdere innsparingar i alle fall for nokre år.

### Reiseliv

Innan reiseliv er budsjettet i 2015 6,550 mill. kr. og i 2016 5,550 mill. kr. noko som også er vidareført i planleggingsrammene for 2017 til 2019. Kjernenivået i 2016 til 2019 er sett til 4,5 mill. kr. og det er mogleg å vurdere innsparingar her.

### Sjømatnæringar

I 2015 er budsjettet 4,120 mill. kr. (inkluderer Kalvøya) i 2016 er budsjettet 1,450 noko som også er vidareført i planleggingsrammene for 2017 til 2019. Kjernenivået i 2016 til 2019 er 1,2 mill. kr. Det er mogleg å vurdere innsparingar her. Som for fleire område er det også mogleg å vurdere kjernenivået.

### Energi, industri og landbruk

Områda energi (0,4 mill. kr.), industri (0,3 mill. kr.) og landbruk (0,3 mill. kr.) har i dag små summar i økonomiplanen og førebels avsett sum samsvarar med kjernenivået. Sidan desse områda budsjettmessig utgjer så små summar vil det truleg vere mest aktuelt å ta vekk heile satsingsområde/økonomiske verkemiddel på satsingsområda.

### Andre vurderingar

I vidare arbeid må vi også sjå på alternative finansieringskjelder, og oppgåvedeling mellom fylkeskommunen og andre aktørar. Dette kan til dømes vere internasjonale prosjekt. Føresetnadane for dette må vere at prosjekta samsvarer godt med prioriterte satsingsområde.

Innsatsen til fylkeskommunen består både av økonomiske verkemiddel og arbeidskapasitet. Vidare arbeid med utgreiingar må ta omsyn til begge desse verkemidla. Arbeidskapasitet er sentralt når vi prioriterer rolla som arenabyggar. Det kan vere aktuelt å ha satsingsområde nesten utan økonomiske verkemiddel, men der innsatsen består av arbeidsinnsats og eventuelt midlar til fellestiltak som kurs, kompetanseheving og møteplassar.

I løpet av arbeidet kan det sjølvstyk dukke opp andre område som vi bør sjå nærare på.

### 7.1.3 Oppsummering programområde 700 - Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet

Utgreiingane vidare må omhandle både økonomiske ressursar og andre verkemiddel som arbeidskapasitet. Vår oppfølging av satsingsområda består alltid av ein kombinasjon av fleire verkemiddel. Når rolla som arenabyggar blir meir og meir sentral, kan det for ein skilde område bety meir vekt på arbeidskapasitet og fellestiltak enn økonomiske verkemiddel/tilskot.

Vi peikar på desse områda som mest aktuelle for utgreiingar opp mot innsparingskravet for 2017-2019 (økonomiske verkemiddel).

- Kommunale næringsfond
- Omstilling
- Næringshagar
- VRI/eventuell ny FoU satsing
- Innovasjon Norge
- Breiband
- Reiseliv
- Sjømat
- Energi, industri og landbruk (vurdere heile område)

Når vi ser på utgreiingsområda over og andre satsingsområde må vi i det vidare arbeid også sjå på alternative finansieringskjelder, og oppgåvedeling mellom fylkeskommunen og andre aktørar.

Vidare arbeid må ta også ta omsyn til arbeidskapasitet og fellestiltak som verkemiddel, og sentrale vurderingar vil vere kombinasjonen av økonomiske verkemiddel og arbeidskapasitet og meir vektlegging av rolla som arenabyggar.

## **8. Utgreiingsområde for innsparingar i åra 2017-2019 – plan og samfunnsutvikling**

### **Strategiske prioriteringar i plan og samfunnsavdelinga (PSA)**

HPN gav i budsjettsaka i mai, generelle føringar som grunnlag for prioriteringane. Desse føringane er:

- Plikter (lov og plikter ovanfor andre partar)
- Lovpålagde oppgåver
- Kontrakt med andre partar i form av tilsegnsbrev og avtalar
- Føringar frå regjeringa på verkemiddelbruken
- Regionale planar
- Samfunnseffektar
- Langsiktige verknader vs. prosjektarbeid

Følgjer ein saka i mai, skal reduksjonane kome på dei områda som vart lågast prioritert. Saksutgreiinga gav ikkje tilstrekkeleg grunnlag for slike prioriteringar. Når HPN handsama budsjettet for 2015 og 2016, slutta utvalet seg difor til ei meir pragmatisk kuttliste basert på kva områda det er mogleg å gjere innsparingar på på kort sikt.

I denne saka startar arbeidet med å finne fram til områda som bør vere omfatta av utgreiingar for meir langsiktige økonomiske innsparingar. Her må det gjerast ei meir heilskapleg vurdering og prioritering av framtidige roller og oppgåver for fylkeskommunen.

PSA er sett saman av mange svært ulike fagområde. Det har difor vore eit behov for å prøve å «samle» desse i nokre strategiske område som kan styrke samhandlinga internt, men og gje tydelegare føringar for å bidra til å skape effektar ute i samfunnet. Avdelinga har definert tre hovudområde på tvers av fagområda som vi meiner fangar opp alle aktivitetane i program- og tenestemråda. Dei tre områda er:

- Regional planlegging - Støtte opp om å drive fram regional planlegging og utviklingsarbeid
- Kommunane - Støtte til kommunane sitt plan og utviklingsarbeid
- Organisasjonar - Styrkje og støtte opp om regionale samfunnsbyggande organisasjonar

Vurderingane og framlegg til prioriteringar og økonomiske reduksjonar, er gjort ut frå å gje mest mogleg effekt på dei ulike oppgåvene/rollene, og på ulike vurderingar og rolleforståing innafor desse tre områda.

I vurderinga av dei ulike tenestemråda knytt til avdelinga, har fylkesdirektøren vurdert rollene til fylkeskommunen opp mot rollene til andre aktørar for å finne fram til kva for særleg rolle fylkeskommunen kan eller bør ta. Hovudføringane i desse vurderingane er at:

- Fylkeskommunen har eit særlege ansvar for regional planlegging og samhandling mellom dei ulike aktørane i fylket
- Fylkeskommunen har inga særskilt rolle i å støtte kommunale tenester økonomisk, men kan ta ei viktig rolle som arenabygger og bygging av kompetanse på tvers av kommunane
- Fylkeskommunen som regional mynde kan ta ei rolle i å sikre sterke samfunnsbyggande organisasjonar på regionalt nivå, gjennom økonomiske verkemiddel, som arenabyggar og kompetansebyggar.

### **Regionalt plan og utviklingsarbeid**

Regional planlegging er det sterkaste verkemiddelet fylkeskommunen har for å drive fram eit systematisk og langsiktig utviklingsarbeid i regionen. PSA prioriterer å etablere gode arenaer for

utvikling av felles forståing og felles haldningar mellom aktørane i fylket, som grunnlag for eigne tiltak og samarbeid.

#### Prioritert satsing mot kommunane

Gjennom LUK arbeidet har vi sett at kommunane treng støtte i arbeid med lokale plan- og utviklingsprosessar, både i høve økonomiske midlar og plan- og prosesskompetanse. Kommunane har særleg behov for å utvikle eit langsiktig og systematisk utviklingsarbeid. For økonomisk støtte til kommunane bør dette ligge til grunn. Økonomisk støtte til etablerte driftsordningar, eller tilskot til tiltak kommunen har primæransvar for å gjennomføre, bør vere gjenstand for drøftingar.

#### Prioritering av organisasjonsutvikling

PSA legg vekt på å skape gode og sterke organisasjonar som kan bidra til å utvikle fylket. Dette gjeld både frivillige organisasjonar og samarbeidskonstellasjonar mellom ulike aktørar. Friviljuge organisasjonar er avgjerande lim for å løyse ut utviklingskrafta i lokalsamfunn, og sterke fylkesorganisasjonar kan bidra til å løyse ut dette potensialet. Døme på samarbeidskonstellasjonar kan være etablering av natur og kulturparker, friluftsråd og organiseringa av regionråda.

Det er ut frå dette fylkesdirektøren har gjort framlegg om utgreiingar innafør avdelinga sine ansvarsområde.

### **8.1 Programområde 480 – Diverse fellesutgifter (folkehelse)**

#### 8.1.1 Tenesteområde 4802 - Folkehelse

Tenesteområdet er delt i to løyvingpunkt, men femner om tre hovudoppgåver:

- Drift av partnerskapen
- Helseovervaking
- Program/satsingar

#### Drift av partnerskapen

Partnerskapet for folkehelse er heimla i § 20 i folkehelselova og femnar om:

- partnerskapsavtalar med kommunane,
- utviklingsavtalar med frivillige,
- kompetanseutvikling gjennom ressursgrupper, nettverk og konferansar/samlingar.

Følgjande områder vert tilrådd utgreidd med tanke på innsparingar vidare i økonomiplanperioden:

#### Partnerskapsavtalar

FT-vedtak i sak 07/04 heimlar arbeidet med partnerskap mellom fylkeskommunen og kommunane. Budsjetten er alt sprengt i høve å dekke inn kr. 150 000 til kvar av dei 24 kommunane med avtale. Skriftlege avtalar gjer at vi ikkje kan spare inn noko på kort sikt. Arbeidet med fornying av avtalane er stansa for å vente på ei utgreiing omkring ordninga.

#### Utviklingsavtalar med frivillige

Fylkeskommunen har teikna utviklings-/samarbeidsavtalar med frivillige lag og organisasjonar for å utvikle og forsterke organisasjonane og fylkeskommunen sitt arbeid. Det vart i HPN-sak 25/13 gjort vedtak om ein prøveperiode for utviklingsavtalar frå 2013-2015. Ingen løyvingar vart knytt til saka. Kostnaden knytt til nye avtalar er så langt finansiert ved å omdisponere eigne midlar og lagt inn som eiga satsing. Det er teikna 3-årige utviklingsavtalar med 4 frivillige organisasjonar på til saman 0,425. Langsiktige konsekvensar av avtalar med frivillige bør vere ein del av utgreiingane inn mot langtidsbudsjetten.

#### 8.1.2 Oppsummering tenesteområde 4802 - Folkehelse

Fylkesdirektøren rår til at følgjande punkt vert gjort til gjenstand for utgreiingar som del av økonomiplanprosessen for 2016 - 2019:

- ordninga med partnerskapsavtalar med kommunane, om tilskot til stilling som folkehelsekoordinator
- utviklingsavtalar med friviljuge organisasjonar

## **8.2 Programområde 715 – Lokal og regional utvikling**

Programområdet var tidlegare prega av sakshandsaming og uttalar til reguleringsplanar, dispensasjonar m.m. Arbeidet er no vridd meir mot strategisk planlegging og støtte til lokalt planarbeid med statistikk og analyser i Fylkesspegelen og konkrete analyser til einiskildkommunar/regionar etter behov. Det er omprioritert ressursar mellom ulike satsingar for å få rom til eit kompetansemiljø for at fylkeskommunen kan ta rolla som ein regional aktør på statistikk og analyse. Større vekt på regional planlegging (sidan 2012) har vore den sterkaste drivkrafta for å endre arbeidsformer/oppgåver.

Dei økonomiske rammene har blitt tilpassa gjennom å kutte i ulike tilskotsordningar. Dei to siste åra er det kutta over 6 mill. kr. i tilskotsordningar der kommunane var målgruppa for ordningane. Det er framleis slik at det på kort sikt er tilskotsordningane det er mogleg å gjere innsparingar på, sjølv om desse no er sterkt avgrensa.

### 8.2.1 Tenesteområde 7151 - Regionalt plan og utviklingsarbeid

Tenesteområdet er delt i to ulike satsingar, utan at det i budsjettet er gjort separate avgrensingar av midlane mellom dei. Alt ligg i ein «pott».

#### Regional planlegging

Regional planlegging er ei av dei 3 prioriterte hovudoppgåvene for avdelinga plan og samfunn. Regional planlegging er eit samla system for offentleg planlegging i fylket og skal ligge til grunn for den fylkeskommunale verksemda og vere retningsgjevande for kommunal planlegging og statlig verksemd i fylket. Planlegginga skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar. Planlegging etter lova skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgåver og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar. Planlegging og vedtak skal sikre ei medverknad som er open og føreseieleg for alle som har interesser og/eller mynde. Den skal legge vekt på langsiktige løysingar, og ein skal omtale konsekvensar for miljø og samfunn.

Fylkeskommunen er tillagt rolla som samordnar, koordinator og har ein planfaglig og politisk rolle bl.a. som rettleiar for kommunane, som ansvarlig for planforum (for samordning av regionale myndighetsorgan), i høve kommunale planar.

I løpet av 2014 (våren 2015) er fire av fem regionale planar gjennomført i tråd med vedtaket i regional planstrategi. Deler av planarbeidet for regional plan for folkehelse vil stå att (Handlingsprogrammet) og Regional plan for kysten (Kystplanen) vil starte opp våren 2015. Kartleggingsprosjektet for sjøområda vil og starte opp våren 2015, og vil krevje både administrative ressursar og finansiering. Samtidig må vi og starte arbeidet med Regional planstrategi 2017-2020. Det vil vere krevjande å startar opp i 2015 og vil krevje mykje ressursar frå tenesteområdet.

#### Regionalt utviklingsarbeid

Området er tett knytt til arbeidet med regional planlegging. Som del av tenesteområdet ligg utgifter til vidareutvikling av Fylkesspegelen og anna analysearbeid som grunnlag både for regionalt og lokalt plan og utviklingsarbeid.

Aktivitetane er og knytt til tilskot til regionale utviklingsprosjekt og samarbeidstiltak mellom fleire kommunar. I gjeldande avtalar med regionråda er det henta midlar frå dette tenesteområde for å utvide avtalane for 2014, ut over grunnløyvinga på 550 000 til kvart regionråd. Tildelingane vert gjort gjennom HPN.

### 8.2.2 Oppsummering teneste 7151 – Regionalt plan og utviklingsarbeid

Fylkesdirektøren vil rå til at det ved seinare vedtak om utarbeiding av regionale planar, vert knytt ressursar direkte til dei einskilde planarbeida og at tenesta ikkje vert teken vidare ned.

### 8.2.3 Tenesteområde 7152 – Lokalt plan og utviklingsarbeid

Tenesteområdet omfattar midlar til tettstadutvikling, regionvise utviklingsprogram, idérike bygder og restmidlar til Bulystordninga.

### Tettstadutvikling/sentrumsutvikling

Tettstadforming er ein viktig del av den regionale utviklinga i fylket. Tilskota som vert gitt er ikkje knytt til lovpålagte oppgåver, men er knytt til KMD sine forventningar til bruk av statlege utviklingsmidlar som vert gitt til fylket. Fylkesdirektøren meiner dette er eit viktig satsingsområde for å nå målet om folketalsvekst og som er felt ned i vedteken regional planstrategi. Ved reduksjon i dei regionale utviklingsmidlane frå KMD vil det vere naturleg at det og får konsekvensar for tildelinga til tettstadforming.

I HPN si tildeling av tettstadmidlar i år vart det gjort ei vurdering av behov til å styrke kunnskapen om sentrumsutvikling i kommunane. Ei vesentleg redusering av ramma vil sette ytterlegare press på at det må bli gjort val om bruk av midlar til fysiske tiltak eller til utgreiingar og kunnskap.

I avdelinga sitt budsjett er det få større løyvingar som gir rom for store kutt. Midlar til tettstadforming er ei av dei få områda. Området er vedteke redusert i hpn-sak 61/14 for åra 2015 og 2016. Fylkesdirektøren gjer framlegg om at dette området også vert utgreidd med tanke på innsparingar vidare i økonomiplanperioden.

Løyvinga til tettstadutvikling er redusert i 2015 og 2016, men endringane kan vere reversible. Fylkesdirektøren ber om at dette området vert greidd ut m.o.t meir langsiktige strategiar.

Fylkesdirektøren ber og om at det vert gjort ei utgreiing av løyvingane knytt til regionvise utviklingsprogram

### Regionvise utviklingsprogram

Fylkeskommunen har avtalar med dei ulike regionråda i fylket, etter politisk ønskje om å styrke regionråda økonomisk. Gjennom arbeid med utviklingsavtalane er det etablert ein dialog med regionråda, med tanke på å erstatte dagens ordning med «tilskot til einskildaktivitetar», med meir langsiktige utviklingsavtalar basert på drøfting av strategiar og effektar av arbeidet. Midlane som er sett av til samarbeidet har vore uendra sidan etableringa og utgjer totalt kr. 2,2 mill. kr.

### 8.2.4 Oppsummering tenesteområde 7152 – Lokalt plan og utviklingsarbeid

Fylkesdirektøren vil be om at løyvingane til tettstadforming/stadutvikling vert greidd ut m.o.t å tydeleggjere dei meir langsiktige strategiane og konsekvensane. Løyvinga til ordninga er redusert i 2015 og 2016, men endringane kan vere reversible.

Fylkesdirektøren ber og om at det vert gjort ei utgreiing av løyvingane knytt til regionvise utviklingsprogram

### 8.2.5 Tenesteområde 7153 – Fellesfunksjonar og støttefunksjonar

Tenesteområdet omfattar midlar til geografisk informasjonssystem (GIS), statistikk/analyse, ungdomstiltak og midlar til integrering. Følgjande områder vert tilrådd greidd ut:

#### Ungdomstiltak

Fylkeskommunen vil involvere ungdom meir i det framtidige arbeidet med regional utvikling. Ungdom er ei viktig målgruppe for utviklingsarbeidet i fylket, og det er gjennomført eigne verkstadar og tatt i bruk ulike metodar for å involvere ungdom gjennom eit samarbeid med Ungdomspolitisk utval (UPU). Denne satsinga er sett i samanheng med arbeidet med regionale planar. Skal fylkeskommunen framleis sette av frie midlar til å involvere ungdom, bør vi drøfte om midlane bør bli knytt til kulturavdelinga sitt arbeid med ungdom, for å samle ressursane.

#### Integrering

I budsjettet t.o.m. 2012 hadde avdelinga eigne midlar knytt til integrering. Desse midlane vart då gjennom budsjetthandsaminga slått saman med midlane til regional planlegging for å styrke musklane til å drive fram eit kvalitativt godt regionalt planarbeid, der involvering av ulike grupper ville vere eit viktig element i planarbeidet.



Det er behov for å sjå både på fylkeskommunen si rolle innafor dette området, og dei økonomiske konsekvensane.

### 8.2.6 Oppsummering tenesteområde 7153 – Fellesfunksjonar og støttefunksjonar

Fleire avdelingar har arbeid inn mot ungdom og deltaking, ut over faste ordningar. Fylkesdirektøren rår til at det generelle arbeidet med ungdom vert greidd ut som ein del av økonomiplanarbeidet for 2016 – 2019, for å sjå på organisatoriske, ansvarsmessige, strategiske og økonomiske sider ved arbeidet.

Fylkesdirektøren rår til at arbeidet med integrering vert greidd ut i arbeidet med økonomiplan 2016 – 2019, for å vurdere kva rolle fylkeskommunen skal ha i dette arbeidet og dei økonomiske konsekvensane av dette.

### 8.2.7 Tenesteområde 7157 – Internasjonalt arbeid

Hausten 2013 vart Internasjonal strategi 2014-2017 vedteken. Strategien er bygd på dei intensjonane som ligg i fylkeskommunen sine overordna strategiar. Internasjonal strategi skal vere førande både for overordna politisk deltaking og for utvikling av fagområde og prosjektdeltaking i fylkeskommunen.

Budsjettet til Internasjonalt arbeid er i økonomiplanen for 2015 på 0,660 mill. kr. Dette nivået vart i maisaka definert som kjernnivå. Fylkeskommunen er medlem i fire organisasjonar; CPMR, Nordsjøkommisjonen, Euromontana og Vest-Norges Brüsselkontor. Medlemskontingent utgjer om lag 0,400 mill. kr. Resterande del av budsjettet vert nytta til administrativ deltaking i møter/arrangement i samband med desse organisasjonane. Eit kjernnivå på 0,660 mill. kr føreset at sektorane sjølve dekkjer eigne reiseutgifter i samband med møter knytt til andre internasjonale arenaer. Det gir ikkje rom for å sette av administrative ressursar til å utvikle kunnskap om satsingar innan EU eller andre programsamarbeid, eller følgje og støtte det politiske arbeidet internasjonalt.

### 8.2.8 Oppsummering tenesteområde 7157 – Internasjonalt arbeid

Med bakgrunn i nyleg vedteken internasjonal strategi for fylkeskommunen, rår fylkesdirektøren til at det ikkje vert gjort nokre gjennomgripande vurdering av dette arbeidsområde for økonomiplanperioden 2016 – 2019, men at dette vert gjort i neste periode. For dei fyrste åra vert det rådd til at arbeidet vert konsentrert omkring arbeidsformer for å få meir erfaring med kva vi kan få til innafor dei rammene som ligg.

## **8.3 Programområde 716 – Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk**

Programområdet omfattar i hovudsak administrative ressursar innanfor klima/miljø, friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av haustbare, ikkje-truga artar av vilt og innlandsfisk. Det ligg og innsamling av miljødata, rettleiing innanfor område og bistand og uttalar i samband med regional planlegging, kommunal og privat planlegging, utbyggingsverksemd, driftsstønad til friluftslivorganisasjonar og tilskot innan friluftsliv. For å få dette til er det etablert søknadsbaserte ordningar med økonomisk støtte og utviklingsavtalar for å styrke frivillige samfunnsbyggande organisasjonar med komplementær kompetanse og aktivitetsretta fokus. Fleire av områda forvaltar statlege midlar.

### 8.3.1 Tenesteområde 7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning

Tenesteområdet omfattar midlar til Vilt- og fiskeforvaltning, vassforvaltning og friluftsliv. Reduksjon i ramme til desse områda, vil svekke både arbeidet inn mot regionale planar, støtte til kommunane sitt arbeid, og svekke dei frivillige organisasjonane i fylket. Organisasjonane representerer eit avgjerande arbeid både knytt til forvaltning, utvikling, kunnskapsproduksjon og aktivitetar for innbyggjarane. Ordninga med utviklingsavtalar har endra samspelet mellom fylkeskommunen og dei regionale organisasjonane.

### Verdsarv, natur- og kulturparkar

Fylkeskommunen er vertsfylke for eit verdsarvområde og med som stiftar av stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark. Fylkeskommunen har i dag ingen økonomisk forpliktning på drift av

stiftinga. Fram til og med 2013 budsjetterte fylkeskommunen med 0,900 mill. kr. til Verdsarv, natur- og kulturparkar, der 0,300 mill. kr årleg vart brukt til prosjekt i verdsarvområdet.

Som ei oppfylging av Kystarven som verdiskapar er det sett i gang eit forprosjekt for å etablere ein regional natur og kulturpark i HAFS med Solund som prosjektansvarleg. Dette er ei satsing forankra i HPN (sak 71/13), som eit organisatorisk verkemiddel for å styrke verdiskapinga med basis i natur og kultur.

Det er ikkje sett av midlar til dette området i budsjettet. Prosjekta vert no støtta gjennom fellesposten HPN har til disposisjon eller andre frie midlar. Fylkesdirektøren har fremja støtte til dette området som eit utviklingsområde for ny satsing.

#### 8.3.2 Oppsummering tenesteområde 7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning

Fylkesdirektøren for plan og samfunn rår til at satsinga på økonomisk og strategisk samarbeid med fylkesdekkande organisasjonar, vert greidd ut m.o.t. å få fram effektar og økonomiske konsekvensar.

Fylkesdirektøren for plan og samfunn rår til at det vert tildelt/etablert eiga ramme for oppfølging av verdsarvområdet, og ber om at dette vert greidd ut i samband med økonomiplanen for 2016 – 2019. Som ein del av denne utgreiinga, bør og fylkeskommunen si rolle knytt til etablering av natur og kulturparkar vere med.

### **9. Oppsummering/tilråding**

Vi viser til oppsummering under kvart program-/tenesteområde.